

Kyrkjeposten



Informasjonsblad for Etne og Skånevik sokn

September 2021



Møt trusopplærar Elisabeth

Norsk motormuseum

Hans Nielsen Hauge-turné



Kyrkjelydsmedlemmer

Soknerådsleiar Skånevik:

Astrid Askeland Johnsen

Soknerådsleiar Etne: Anne Jorunn Lindevik

Leiar i Etne kyrkjelege fellesråd:

Reidar Leknes

Adresse: Enge 5, 5590 Etne

Telefon: 53 77 11 70

Tilsette:



Aud Jorunn Grønstad Baustad
Kyrkjeverje
kyrkjeverja@etnekirke.no
96 01 68 64



Randi Frette
Kyrkjelydssekretær
sakshandsamar@etnekirke.no
53 77 11 75



Per Hjemdal
Sokneprest i Etne
soknepresten@etnekirke.no
41 12 65 49



Egil Larsen
Fung. sokneprest i Skånevik
spresten@etnekirke.no
99 24 18 70



Elisabeth Vae Haaland
Kyrkjelydsmedlem
tru@etnekirke.no
90 06 27 28



Bjørn Stødle
Kyrkjegardsarbeidar
kga@etnekirke.no
91 19 99 60



Solveig Sørheim
Organist
organist@etnekirke.no
40 28 68 71

Kyrkjelydsmedlemmer

- Eg vil at borna skal ha det kjekt i kyrkja, og at dei er glade når dei går heim.

Dette er nokre av Elisabeth Vae Haaland (46) sine mål som kyrkjelydsmedlem i kommunen. Ho er no inne i sitt andre år som vikar i stillinga, og er glad for god respons frå borna og god støtte frå foreldre som melder borna på dei ulike tiltaka. Og ho rettar ei stor takk til frivillige vaksne som stiller opp.

Det var då den fast tilsette kyrkjelydsmedlemmen Randi Matre skulle ut i fødselspermisjon at Elisabeth kom inn i stillinga, som ho helst likar å kalla trusopplærar.

"Eg blei oppfordra til å søkja på stillinga etter å ha vore masse med i trusoppleringstiltaka som frivillig gjennom mange år. Det var såleis eit miljø eg føler meg trygg i og kjenner godt. Eg synst det er kjempeviktig å få formidla den kristne bodskapen," seier Elisabeth, som legg til at ho tidlegare helst har likt å halda seg litt i bakgrunnen. "Eg var kjempespent då eg tok til i stillinga, men ville utfordra meg sjølv. Difor sökte eg på jobben, og eg må vel innrømma at den har gitt meg nokre søvnlause netter. Men det har vore kjekt og jobben har gitt meg mykje."

Tenk positivt

I løpet av ein tiårsperiode døydde begge foreldra til Elisabeth brått. Som 41 åring var trebarnsmora frå Etne foreldrelaus, og opplevde dette som tungt og ekstremt tøft. Men ho valde å leita etter det positive i tilværet, og seier at det alltid er noko positivt å finna i dei fleste situasjonar. Trusopplæraren har i mange år drive med agilitytrening av hund, som enkelt forklart er hinderløp for hund, og hatt dette som både hobby og livsstil. Tidleg i august kunne me lesa i Grannar at Elisabeth saman med andre i Ølen Etne Vindafjord Hundeklubb vann sølv i NM i lagkonkurranse.

lagogen: «Kjekt å sjå glade barn!»



På jobb i Skånevik kyrkje

"Mannen min har ein jobb som har gjort det mogleg for meg å kunna prioritera familien, i tillegg til at eg har kunna brukt tid på hobbyen min. For å trena hundar krevst det mykje positiv energi, for det er slett ikkje alltid ting går slik du ynskjer. På ein måte har eg dratt med meg denne måten å tenkja på inn i arbeidet som trusopplærar også."

Elisabeth nemner at det i barneoppdragning er viktig å snakka om det som ikkje er så bra, og å prøva å venda dette til noko positivt. "Me likar alle å få positive tilbakemeldingar, og såleis er det også viktig å gje borna positive tilbakemeldingar."

Tilbod frå baby til 12-åringen

Trusopplæraren i dei to kyrkjesokna i Etne kommune har ansvar for tiltak som gjeld for 3 veker gamle babyar til tiltak for born i alle aldersklassar til og med 12 åringane. Babsong og Tripp Trapp går føre seg på dag-

tid, medan resten av tiltaka er lagt til ettermiddagen. Aktiviteten skjer helst i kyrkjene. Som eit døme kan me nemna Tårnagentane som løyer ulike mysterium både inne i og utanfor Gjerde kyrkje. I Skånevik held dei til i bedehuset, som Elisabeth kallar ei perle både når det gjeld huset og utsikten.

"Me har hatt god respons på fleire av tiltaka, det gjeld mellom anna dåpsskulen for 6-åringar der det i Etne-bygda var 23 påmelde i vår. Det har vore mogleg å samla så mange sjølv i koronatida på grunn av at borna har vore i same kohort."

Når det gjeld å drive med trusopplering i ei tid der forkynning helst blir sett litt ned på i samfunnet, er Elisabeth overraska og glad for responsen både frå foreldre og borna som er med.

"Eg får ofte tilbakemelding frå born om at det har vore kjekt. Me avsluttar ofte tiltaka

med lystenning på lysgloben der det blir sunge for kvar deltakar. Dei får vita at Jesus er glad i dei, og det blir tent eit lys for kvar av borna. Då merkar me at det blir litt høgtideleg og fint. Det gir meg mykje at ungane viser deg tillit," seier den blide trusopplæraren, som ikkje legg skjul på at ho kan vera ganske utmatta etter ei samling. Men det er verdt innsatsen. "Me er totalt avhengige av frivillige vaksne i dette arbeidet, og eg set enorm pris på dei som stiller opp. Dette har eg sett viktigheita av etter at eg kom inn i denne stillinga. Og me tar gjerne i mot nye som vil steppa inn som frivillige."

Trusopplæraren likar å formidla bodskapen på ein måte som gjer det litt gøy og spanande. Ho er veldig glad i å brukar songar med god rytme i, der deltakarane kan dansa og røra på seg i dei ulike tiltaka. Då ser ho glede i borna.

"Sokneprest Per kasta seg også inn i dansen så prestekjolen flagra under ei gudsteneste der 6-års boka blei delt ut," legg ho til.

Enkel barnetru

Kva framtida inneber når vikariatet som trusopplærar er over har Elisabeth eit avslappa forhold til.

"Ungane treng meg ikkje så mykje som før, den yngste er 11 år no. Eg kan finna ein annan jobb, eller eg kan brukar meir tid på hundane." Men ein ting er ho sikker på. Ho vil i alle fall halda fram som frivillig i tiltaka under trusoppklaringa. "Eg synst det er viktig å formidla Guds kjærleik til både store og små, utan å komplisera bodskapen for mykje. Eg er glad i den enkle barnetrua som eg er vaksen opp med. Difor er det lettare å forholda seg til borna som er meir opne for store og små undre i både kvardagen og i Bibelen," sluttar Elisabeth Vae Haaland.

Alf Østrem

Alt blir bra!



Samfunnet opnar opp att etter koronapandemien. Eg tenker tilbake på den flotte reaksjonen vi så overalt i det krisa flauma inn over oss: regnbogen saman med trøystebodskapen: ALT BLIR BRA.

Per Hjemdal, sokneprest

No nærmar krisa seg slutten. Vaksinasjonsprogrammet går sin gang. Men i det frykta minskar og restriksjonane bli mildare: Blei alt bra?

Vi vet jo at ikkje alt var bra før korona. Og slik det var, vil det framleis vere: Håp endar med å bli skuffa. Sorg og ulukke vil stadig møte oss. Snakkar vi sant om livet, veit vi at sjølve livet er krevjande og gjer av og til vondt. Sjølv om vi får dei gode, normale kvardagane tilbake, vil framleis motgang og det vonde vere tungt å møte. Skjønt, kanskje gjorde korona at det ei tid var enda tyngre.

Likevel kjente eg i fjar vår at orda ALT BLIR BRA uttrykte ein god, frigjerande trass og et heia til håpet som vi menneske ber på sjølv i det største mørker: Vi nektar visst å bukke under for mismot og håplause. Tvert om, saman kjemper vi oss tilbake, finn lys i mørke, og tar vare på håpet om at ein gong der framme, ein gong...

Som kristne er jo den frigjerande bodskap vi med frimod og sikkerheit kan preike, trua på at ALT BLIR BRA – ein gong! Men, som vi både ser rundt oss og les i Guds ord, det krevjar at vi våger tenke i øve-perspektiv.

For i det vi talar om framtida som omhandlar livet etter dette, veit vi at som Guds barn har vi alltid det beste igjen. Samtidig veit vi og: så lenge vi talar om livet her i verden, vil menneske såre andre og bli såra. Folk dør





Teikning av Liam Alexander Rask, 6 år frå Tromsø. Isharskatedralen.no

og ulukker skjer, heilt utan forvarsel. Smerte og tap er mennesket si verkelegheit.

For mange av oss er tanken på liding, smerte og død noko vi held på armlengds avstand. På ein måte er det mykje godt i det, sidan livet også har med seg gode stunder for de aller fleste. Samtidig er det ikkje sunt om vi alltid held liding og død på avstand. Det er ikkje bra om vi aldri tar inn over oss alvoret i livet og alvoret i Guds ord; at Jesus er vårt einaste håp og vegen til himlen, Joh 14, 6.

Likevel kvilar eg trygt i trua på Gud som den som syner seg eller blir openberra for oss som heilt rettferdig, men også heilt og fullt kjærleg. Nettopp i skjeringa mellom rettferd og kjærleik, ligg tryggleiken, og der ligg håpet. For då må Gud ta høgd for alle forhold i eit menneskeliv, i det han i ein rettferd driven av kjærleik ser oss slik vi er. Då ser han både det som stenger vegen til ham, og dei som steng er vegen til ham.

Utfordringa for oss er å snakke like sant som Gud, om våre liv på godt og vondt. Men gjer vi det, ventar Far på oss når vi kommer til ham for oppgjer.

Me har alltid det beste igjen

*I frå lys til lys går vår pilgrimsveg,
nye kjelder ved livsvegen renn.
Og me minnast med frys når me framover dreg:
Me har alltid det beste igjen*

*Stundom stormar og brusar det kring oss på jord,
og vårt hjarta i lidingi brenn.
Å, kor stort då i stormen å minnast dei:
Me har alltid det beste igjen.*

*Og når dagen er enda, me gret ei for det.
Då den evige morgen renn.
Ja, når livssoli sistpå i vester gjeng ned:
Me har alltid det beste igjen.*

*Gud vil vera oss god i frå år og til år
til ved grensa av æva me stend.
Då me jublar i frys mot den evige vår:
Me har Jesus og himlen igjen.*

Trygve Bjørkrheim

Konfirmantar Etne 2021



Bakerst frå venstre: Daniel Mæland Djøseland , Anders Sølvberg, Erlend Kambo Hersvik, Ørjan Ytrenes, E

Midterste rad frå venstre: Kenneth Aakre Hegerland, Simen Håland Sørheim, Inge Åsbø Prestegård, Ivar Ro
sen Storli, David Øren, Sander Sæbø, Adrian Silgjerd Sandvik, Elias Svantesvold.

Fremste rad frå venstre: Sigrid Mømb Hammersland, Eli Tronstad, Live Rygg-Sørheim, Selene Grønstad Mo
gen, Erle Hjelvik, Ieva Veronika Bogusyte.



Bjørn Kristian Gravelsæter, Jonas Frette, Elias Askvig, Jesper Grindheim, Sokneprest Per Hjeddal, Onæs, Amund Straumsøy Sævareid, Martine Gursli Tjelmeland, Emilie Markhus Vevatne, Lucas Daniel-
olland, Tonje Aakre Stålesen, Marlin Handeland Ekornrud, Aslaug Frafjord Øyjord, Kaja Rygg Hau-

Konfirmantar Skånevik 2021



Foto: Harriet Skjold

Konfirmantbiletet fra Skånevik kom dessverre ikke tidsnok til å bli med i Kyrkjeposten. Men her er gjengen på konfirmantfest på Skånevik bedehus like etter samtalegudstenesta!

Frå venstre: Ingeborg Bjerkheim, Thea Johansson Solberg, Josefíne Marensdotter Flatebø, Erik Samland Tendal, Terje Vannes Langhelle, Kim André Borge Skjold, Birk Phuangkaew Hesjedal. Marcus Aarland Arefjord var ikke til stades då biletet blei tatt.

Strikkekafé

Diakoniutvalet saman med Etne sokneråd inviterer til STRIKKEKAFE på Kyrkjetorget, Etne kyrkje, mandagar kl. 19.00.

Datoar: 20. september, 18. oktober, 15. november

Det blir enkel servering, drøs og kveldstankar.

Ta med strikketøy og ver velkommen!



Velkommen til konsert!

Hans Nielsen Hauge 250 år «Jeg går i tusind tanker!»


250-årsjubilanten Hans Nielsen Hauge tilbakela om lag 1500 mil, hovudsakleg til fots, då han gjekk omkring og preika om trua si, danna venesamfunn og samtidig bidrog til ein eventyrlig handels- og industriverksemd tidleg på 1800-tallet.

Frode Skag Storheim tar oss med inn i Hauges verd gjennom historie, kunst og musikk. Vi får sjå korleis Hauge var eit uttrykk for en gryande romantisk rørsle, kor individet kunne reise seg mot overmakta og forkynne nye idéar – både religiøse og praktiske.

Det blir verkt av Hauges samtidige; Grieg og Beethoven, men også av meir moderne komponistar som har latt seg inspirere av Hauge, som t.d. Egil Hovland. Konsertforedraget skal i beste Hauge-ånd på turné til fleire stader kor hans gjerning sette varige spor – Etne er eit av dei.

Frode Skag Storheim kjem til **Etne kyrkje laurdag 25. september**. Det er gratis å kome inn. Turneen er del av ei større Hauge-markering i regi av Bjørgvin bispedøme i samarbeid med Bergen Bymuseum og ei rekke andre aktørar.

Frode Skag Storheim (født 1988) kommer frå Radøy i Nordhordland. Frode er ein allsidig utøvar og begeistra formidlar med humor og glimt i auge.



Klostertrio Folketonar frå Etne



I samband med at vår eigen organist Solveig Sørheim har samla folketonar frå Etne, er Etne kyrkjelyd stolt av å invitere til konsert der mykje av dette materialet blir presentert! Sjølv om boka ikkje enno er heilt klår, vil konserten by på eit møte med gamle tekstar og melodiar som nær kunne blitt borte frå historia, men som no i staden blir utgjeven i bok. Boka heiter "Di gamle songadne" og vil koma ut i løpet av hausten, seier Solveig. Soknepresten, som skriv desse orda, repliserer med at det vel må bli den perfekte julegåva til etnebuen i år!

Uansett – på konserten opptrer organist Solveig saman med pianist Irene Simonsen frå Stord og tenor Tore Kloster, som til dagleg bur og arbeidar i Bergen. Desse tre står for musikken. I tillegg vil vår eigen Steinar Aalvik bidra med lune anekdotar og betraktningar om kvardags- og kyrkjeliv i Etne.

Konserten finn stad i **Fjæra kapell fredag 15. oktober** og i **Etne kyrkje laurdag 16. oktober**.

Sjå oppslag og annonse for meir eksakt informasjon!

Museet som overraskar



Leif Ole i HSD-kroken

Dei som kjem til Norsk Motormuseum i Skånevik for første gong, reknar nok med å gå inn i eit hus stappfullt av motorar og ikkje meir. Om så er, tek dei grundig feil. For her finn du det meste. Motormuseet er langt frå berre plassen for dei spesielt interesserte!

Rett nok står motorar av alle slag for hoveddelen av samlinga, om lag 230 til saman. Som rimeleg er lokale vestlandsmotorar frå



Wickmann og Sabb fyldig representert, men og mykje anna. Berre her til lands var der ei tid 140 produsentar av båtmotorar.

På ein svært lang vegg heng ei endelaus rad av påhengsar, den eldste frå 1913.

Men den eldste motoren på huset er ein vakkert grønmåla, amerikansk STOVER frå 1905. Den sto lenge i Lambright Ebne sin møbelverkstad. Og går framleis.

Her er ikkje berre motorar, men og solid motorexpertise, pedagogisk og interessant presentert. Men då min gode vegvisar i museet, Leif Ole Molnes, forklara meg skilnaden på ein semidiesel og ein glødehodemotor, må eg vedgå at eg ramla av lasset.



Ein særleg innsats for lokal motorhistorie gjorde karane på museet då dei flytte Malvin Pedersens Motorverkstad frå Leirvik til Skånevik og sette huset med innhald opp inne i museumsbygget. Her blei i si tid Solidmotoren laga, med 12, 22 og 35 hestekrefter. Av og til køyrer dei verkstadsmaskineriet i gang.

Men så var det alt det andre då. Gjengen som samlast fast kvar onsdag, har ei vid kulturinteresse og vil gjerne ta vare på mykje av minnene frå livet og arbeidet i bygda og nabobygdene.

Og mykje har fått sine eigne rom:

Her er Lars Halleland sin skomakarverkstad



levande gjenskapt, med skomakaren sjølv i arbeid.

Skånevik telegrafstasjon. Ved tavla sit telegrafdama med alle ledningane og pluggane og koblar opp innkomande og utgåande samtalar. På veggen heng kalendaren som viser 15. juni 1983, siste dagen stasjonen var i drift.



Skulestova i Mortveit skulekrins står igjen klar til skulestart med pultar, tavle, plansjar, bøker, undervisningsutstyr og husorgel.. I blekkhusa er penneskarta med splittpennar klare. Det er berre frøken Sørås som manglar.



Frå det stilreine Skånevik lensmannsbetjent-kontor er både lensmannsbetjent Sverre Ness og Lensmann Bernhard Hjelmervik i uniform klare til utrykning.

Bjelland Sardinfabrikk som dreiv i Skånevik frå 1908 til 2001 har fått sitt eige rom med produksjonsutsstyret. Eg får full orientering om heile prosessen. Og i øskjer står restlagret frå fabrikken av sardiner både i olje og tomat. Men smaka får eg ikkje. Det sit langt inne å spretta boksane med edel årgangssild.

Alt dette og mykje meir rømer bygninga som blei reist som trevarefabrikk av Ragnar Knudsen i 1953 og seinare til tidleg på 80-talet gav rom til Anders Hovda sitt Sunnhordland Mek. Verksted. Minner frå deira tid i huset er og tekne vare på i samlingane.

På veg ut går eg forbi HSD-kroken, lærar Bauge sin gamle stensiléringsmaskin, treskeverket frå Skånevikstrand treskelag, Akslandsbåten, ein færing for fulle segl og Delta Plast som mellom 1968 og 87 produserte meir enn 1000 båtar nett bortanfor her.

Ved hovedinngangen stoppar eg framfor dei tre dekkhusa etter D/S Folgefonden sitt tragiske forlis ved innseglinga til Skånevik i 1908.

På veg til bilen oppdagar eg toget. Det er ikkje klar for avgang, men har nådd endestasjonen her etter å ha operert ved Blåfalli kraftverk i Matre. Då dei laga vasstunnellane der, frakta det steinmassane ut og tippa dei i røysa.

Norsk motormuseum blei i 1986 stifta av Ove Wiland, Paul og Gudvin Hovda med hjelp frå Etne kommune. Direktør Lindtveldt frå Teknisk museum i Oslo var og sterkt inne i biletet og ynskte det velkommen som eit dokumentarmuseum for produksjon av motorar for småbåtar og fiskebåtar.

All æra til dei, og karane som driv museet i dag!

Eg må nok tilbake, for her er meir å sjå!

Harald Grønnevik

Livets gang

ETNE

Døypte:

2020

25.12 - Luca Enge

2021

03.01 - Emma Myklebust Steffensen

03.01 - Greta Tungesvik Ekornrud

31.01 - Sivert Heggebø

28.02 - Oliver Eide Tredt

14.03 - Anna Østrem

11.04 - Oliver Opheim

18.04 - Elias Grindheim

25.04 - Jenny Marie Mæland

25.04 - Joanna Lunde Sørheim

09.05 - Pia Larsen Nervik

30.05 - Erle Ørvrevik

30.05 - Lilly Aurora Helgevold

08.05 - Floke Sørheim Songe

08.05 - Nora Litlabø Jordal

21.08 - Levin Nordtveit

22.08 - Aria Taraldsgøy

22.08 - Anna Stølås-Ramstad

05.09 - Henny Kjemhus

Vigde:

26.03 - Gro Marie Jespersen og Svein Harald Vikse

22.05 - Ingrid Tesdal Tungesvik og Thomas Helge-
land

29.05 - Lorise Amanda Hundseid og Vegard Lærdal

19.06 - Anne Marit Grønstad og Anders Erdal

26.06 - Ida Johanne Tyssebotn og Torvald Bjørhorde

07.08 - Anja Østrem og Morten Krakk Eikje

21.08 - Eline Steinset og Espen Nordtveit

28.08 - Silje Ness og Atle Heien

Gravlagde:

11.01 - Arne Martin Onstein

11.02 - Sigmund Toyongang

26.02 - Ingolv Vevatne

02.03 - Sverre Kaldheim

Dette skjer i k

I det kyrkjene no opnar over heile landet, kommer også trusopplæringa i gong her i Etne og Skånevik. Det skjer mykje spennande i Etne og Skånevik!

Trusopplærar Elisabeth (som de kan lese om på side 2) har glede av å innby både til babysong, Tripp-trapp og fleire andre arrangement for særlege aldersgrupper. Eit høgdepunkt både for oss i kyrkja og borna, er utdeling av 4-årsbok. Men også Lys Vaken og alle dei andre tiltaka, er kjekke og verdt å få med seg!

Her er nokre av høgdepunkta – har du barn i andre aldrar, kan det vere du får invitasjon til noko anna!



Babysong og småbarnstreff:

September: 16, 23, 30.

Oktober: 7, 21, 28.

November: 4, 11, 18, 25.



Krølletreff i kyrkja!

2-årsbok - for 2-åringane.

Skånevik: 23. oktober.

Etne: 30. oktober.

Ikkje medlem

Etter at nytt personvernreglementet trådde i kraft for ei tid sidan, blei det bratt vanskelegare å innby alle vi vil til kyrkje. Kva tru ein har og kva kyrkjesamfunn ein tilhøyrer, blei såkalla sensitive personopplysningar, og ikkje noko som ligg offentleg tilgjengeleg.

Medan alle born som blei født tidlegare blei medlem ved dåp eller såkalla tilhøyrande medlem om mor eller far var medlem av kyrkja, skjer det no ikkje noko dersom ikkje dei føresette tar aktive val og melder barnet inn, eller døyper.

Det kan på mange måtar vere meir ryddig når det gjeld meir nøyaktige tall

DEN NO
UTMELD

kyrkja i haust!

4-årsopplegg

4-årsbok - for 4-åringane Eit høgdepunkt for alle barn!

Skånevik: 24. oktober Etne: 14. november



Julegåveverkstad

Julegåveverkstad på Sørstranda bedehus for 9/10-åringar. Veke 2 og 3 i desember!

LysVaken!

I Skånevik kyrkje for alle 6-klassingar i Skånevik og Etne.

Overnatting laurdag 27. til søndag 28. november.



Søndagsskule

I Etne kyrkje:

26. september
31. oktober
7. november
19. desember

n av kyrkja?

på kyrkjemedlem. Men ulempa er at vi ikkje lenger veit og får informert om alt det gode og kjekke som skjer i kyrkja!

Dessutan, men strengare personvern, har vi dessverre ikkje høve til å sende invitasjon til andre enn medlemmane våre til tiltak innan trusopplæringa. MEN DET TYDER IKKJE AT IKKJE ALLE ER VEL-KOMMEN! For det er dei sjølv sagt!

Dersom du har lyst til å ha dine brn med i trusopplæringa i Etne eller Skånevik, men ikkje får informasjon, send ein epost til tru@etnekyrkja.no. Så vil informasjon komme i retur!



- 05.03 - Borgny Kristine Sande
12.03 - Audny Rafdal
12.03 - Allan Emil Myrvang
29.03 - Sigrid Laurence Øvernes
22.04 - Jens Håkon Horneland
30.04 - Ole N. Hamre
30.04 - Signe Børretzen
06.05 - Solbjørg Støle
11.05 - Borghild Aahvik
12.05 - Karsten Strømø
18.05 - Bjørg Heggen
01.06 - Jorunn Asta Kaldheim
08.06 - Hans Reinert Frette
24.06 - Robert Øyjord
02.07 - Anna Bjørnsen Sørheim
04.08 - Harald Johan Matre
17.08 - Ludvig Måland
20.08 - Jørgen Sandvik Langbelle
26.08 - Bernt Odland
27.08 - Kollbjørn Olav Rønnevik
09-09 - Gerda Julie Haaland
10.09 - Astrid Marie Rolfsen

Livets gang SKÅNEVIK


Døypte:

- 14.03 - Liva Amalie Garvik Ebne
27.06 - Ada Åsen Ness
01.08 - Astrid Tredt Lea
15.08 - Tiril Winterthun

Gravlagde:

- 15.01 - Alf Martin Eikemo
28.01 - Aslaug Johansson
04.02 - Gerd Agnes Sevdal
16.02 - Åsmund Haraldseid
19.03 - Lillian Berntine Håland
31.03 - Berit Johanne Mortvedt
07.05 - Severin Bjelland
14.05 - Kåre Sigmund Vik
01.07 - Kari Haraldseid
27.07 - Margot Christine Ness

Gudstenestekalender



26. sep.	11.00	Etne	Presentasjonsgudst.	Per Hjemdal
	11.00	Skånevik	Presentasjonsgudst.	Egil Larsen
03. okt.	11.00	Etne	Misjonsgudsteneste	Per hjemdal
	17.00	Fjæra	Gudsteneste	Per Hjemdal
10. okt.	11.00	Skånevik	Gudsteneste	Egil Larsen
	19.00	Etne	Lovsongsgudsteneste	Egil Larsen
17. okt.	11.00	Grindheim	Gudsteneste	Per Hjemdal
24. okt	11.00	Skånevik	Gudsteneste	Vikar
31. okt.	11.00	Etne	Bots- og bønedag	Per Hjemdal
07. nov.	11.00	Etne	Helgemesse	Per Hjemdal
	17.00	Skånevik	Helgemesse	Egil Larsen
14. nov.	11.00	Etne	Gudsteneste	Per Hjemdal
21. nov.	11.00	Gjerde	Gudsteneste	Egil Larsen
28. nov.	11.00	Skånevik	Familiegudsteneneste	Egil Larsen
05. des.	11.00	Etne	Familiegudsteneneste	Per Hjemdal
12. des.	11.00	Ebne	Gudsteneste	Egil Larsen
19. des.	11.00	Etne	Gudsteneste	Per Hjemdal
24. des.	13.00	Frette	Familiegudsteneste	Per Hjemdal
	13.30	Fjæra	Familiegudsteneste	Egil Larsen
	14.30	Etne	Familiegudsteneste	Per Hjemdal
	16.00	Etne	Familiegudsteneste	Per Hjemdal
	16.00	Skånevik	Familiegudsteneste	Egil Larsen
25. des.	11.00	Skånevik	Høgtidsgudsteneste	Egil Larsen
	12.00	Etne	Høgtidsgudsteneste	Per Hjemdal
31. des.	17.00	Skånevik	Gudsteneste	

Takk til våre annonsørar!



Grannar

Lokalavisa for Etne og Vindafjord



Ønsker din bedrift å teikna annonseavtale i Kyrkjeposten?

Ta kontakt med kyrkjekontoret!

Velkommen til dåp!



Foto: Jarle Hagen, kirken.no

Eit nytt barn har kome til jorda. Eit skjørt lite menneske med heile livet og heile verda framføre seg.

Dåpen er inngangen til eit liv som truande. I Bibelen ser vi at menneske av og til blei døypt så snart dei erklærte si tru. Nokre gonger blei til og med heile husstandar døypt i det far i huset tok i mot trua. Sidan har det lenge vore tradisjon at barna blei døypte medan dei var små. Likevel har vi i seinare år sett at fleire vel ikkje å døype barna. Dermed opplever vi oftare dåp av konfirmantar eller vaksne i gudstenestene.

Det er noko fint og verdifullt med å kunne legge barnet i Guds hender. Det er liksom ein tryggleik oppi alt som er ukjent.

Samtidig er det også ein god tradisjon og eit signal om viktige verdiar i familien som får barn. Det er godt å ha ei fin ramme rundt feiringa av det nye livet!

For anten man kallar seg truande eller heller meir tvilande, er livet uansett noko stort og forunderleg. Det er jo ei gave, og noko det av og til kan vere vanskeleg å setje dei rette orda på. Når vi får overgje barnet til Gud i dåpen, kommer sjølve liturgien med ord som kan vere med å tolka og gje mening.

I Noreg har vi lang tradisjon for å døype småbarna. Dåpen er liksom ein høgtideleg hending som inngang til livet. For barnet blir bore fram, han eller ho blir nemnt med namn, og den vesle er dagens midtpunkt. Bilete blir tatt, av både barn og stolte foreldre og fadrar, og ikkje minst søsken og besteforeldre! Slik blir nettverket rundt barnet synleg og sterkt.

Fadrane tar dessutan på seg eit spennande og litt krevjande ansvar for å følge barnet opp og lære det om den kristne trua. Kyrkjelyden tar med glede imot eit nytt medlem. Den verdsvide kyrkja jublar utan å vite akkurat kven dei jublar for!

Og så dette: Medan ein feirar barnet, familien, fellesskapet og dei ein har nær seg, feirar ein også det kristne livet. I dåpen er det først og fremst Gud som handlar: barnet får Guds frlse. Vatnet i døypefonten blir helt over barnets hovud tre gonger: I namnet åt Faderen, Sonen og Den heilage ande. Ved det blir barnet født på nytt og kan alltid med frimod kalle seg Guds barn!



Opningstider

Onsdag 11-16, laurdag 11-15

Velkommen innom for ein god handel!